

Progresjon i barnehagen - alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang

I løpet av dei første åra til barna har vi forventning om ein progresjon i barnet si utvikling som vi i grove trekk kan aldersinndelegje. Barnets verdi og dei vaksne sine haldningar er ein stabil faktor som ligg til grunn for alt arbeid i barnehagen. Barna blir møtt med likeverd og likestilling, der barnehagen motverkar all form for diskriminering. På same måte skal barnehagen fremme livsmeisting og helse, der både fysisk og psykisk helse skal ivaretakast og styrkast. Den digitale tidsalderen gjer det naturleg å trekke inn aktuelle appar og digitale hjelpemiddel i alle aldersgrupper.

«Nøkkelord i barns kvardag i barnehagen»				
	1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Leik	Funksjonsleik, gjentaking er det vesentlege. Leik med eigen kropp og gjenstandar. «borte-titt-tei»-leik (barnets første møte med risikofylt leik...), leik aleine, tilskodarleik og parallelleik.	Symbolleik og fantasileik. Enkel rolleleik, både som leik aleine og i sosial leik. Enkel konstruksjonsleik. Leik aleine, tilskodarleik og parallelleik.	Rolleleik og symbolleik, både som leik aleine og i sosial leik. Konstruksjonsleik. Enkel regelleik og songleik. Spel og puslespel. Leik aleine, tilskodarleik, parallelleik og samarbeidsleik. Språkleik.	Rolleleik, songleik og regelleik. Spel og puslespel. Konstruksjonsleik og samarbeidsleik. Leik aleine og parallelleik. Språkleik. Gåter og vitsar. Risikofylt leik.
Med-verknad	Vere til stades i leiken der barna er, til dømes på golvet. Dei vaksne må lytte og prøve å tolke barna sitt kroppsspråk, vere observante på handling, estetiske uttrykk og etter kvart deira verbale språk.	Barna sitt initiativ, deira utforskartrang og interesser skal vere med på å bestemme tema og innhald for periodar.	Opplive at dei blir sett, lytta til og kjenne at dei har påverknad på kvardagen sin. Barnesamtalar og observasjonar. Synleggjere overfor barna når det er deira initiativ.	Barna skal kunne ta val og forstå konsekvensen av det. Opplive at dei blir sett, lytta til og kjenne at dei har påverknad på kvardagen sin. Synleggjere overfor barna når det er deira initiativ. Stemme over ulike forslag, demokrati.
Sosialt samspel	Meistre det å vere i ei større barnegruppe. Vere med å trøyste og gi omsorg. Begynnande turtaking.	Oppmuntre til å vere språkleg aktive. Bruke ord i staden for fysisk utagering. Spørje om hjelp ved behov. Innleie positiv samhandling med andre. Vise omsorg for andre.	Forståing for handling - konsekvens (årsak - verknad). Kunne vente på tur. Ta initiativ til leik samt følgje opp andre sine initiativ. Ikkje stenge andre ute. Øve på «tap og vinn med same sinn» og «kvar sin gang».	Handling - konsekvens - reaksjon. Ikkje stenge andre barn ute. Forsøke å løyse konflikt utan vaksne. Akseptere at eigne ønsker ikkje alltid blir oppfylt. Akseptere at ein sjølv ikkje alltid er midtpunkt og først i rekka. Lytte til andre. Turtaking. Kunne delta i regelleik og meistre tap.

Fagområde:		«Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet»			
Kommunikasjon, språk og tekst		1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Kommunikasjon	Aktiv bruk av språk - verbalt og nonverbalt. Gjensidig samhandling. Den vaksne er bevisst på å sette ord på det ein gjer, til dømes i garderobe eller på tur.	Aktivt bruke ord og beskrive handling. Øve på «nøkkelsetningar» som «vil du leike med meg?» Lytte til lydar.	Lytte til og kjenne igjen lydar. Lytte til kvarandre. Vente på tur. Kvar sin gong å vere først/sist, kvar sin gong å tape/vinne. Fortelje noko for ei lita gruppe, ta ordet. Øve på konfliktløsning ved bruk av ord og samtale.	Uttrykke seg munnleg i gruppe og ein til ein. Presentere noko for dei andre i barnegruppa, t.d. leiker, ein song, ein dans... Oppmuntre til å fortelje om opplevingar og erfaringar, og sette ord på ulike følelsar og meiningar. Vente på tur, lytte og vere stille når andre har ordet. Fortelje ei samanhengande historie eller oppleving. Beskrive korleis noko er (lukt, utsjånad, smak). Kan sortere og kategorisere, over- og underkategoriar (mat, dyr klede).	
Språk	Helse om morgonen med ord eller gester. Sei «ha det» når ein skal heim, ord eller gester. Rim, regler og songar. Enkel dramatisering. Biletbøker og peikebøker er lett tilgjengeleg for barna på avdelinga.	Helse og takke for dagen. Rim, regler og songar. Vise interesse for å leike med språket og lage enkle rim. Høgtlesing frå bøker og forteljing av eventyr. Dramatisering og bruk av t.d. flanellograf. Bruke bilete, fortelje kva ein ser, opplevingar knytt til biletet.	Helse og takke for dagen. Bruke preposisjonar, adjektiv, overbegrep og fargenamn. Språkleikar - lytteaktivitetar, «kims leik», bruk av taktil sans og «lydleikar» med rim Rim og regler, leike med språket aktivt sjølv, lage rim på namn og kjente ord.	Helse og takke for dagen, seie god helg og svare på tiltale. Bruk av språkleikar og «Språksprell». Leik med bokstavar, lydar og tal. Kan rime på eigen hand. Lage gåter og vitsar. Få med seg og utføre felles beskjed.	
Tekst	Oppleve glede over høgtlesing, rytme, song og musikk. Både ein-til ein og i lita gruppe.	Kunne vere konsentrert og merksam i ei kortare periode, til dømes ved lesing av Ludde-bok eller gjennom enkelt spel. 2-3 ords ytringar med forståeleg artikkulasjon. Kjenne igjen sitt eige namn på hylle og skuffe. Klappe stavingar i namnet sitt. Førstehandserfaring med tal og bokstavar.	Høgtlesing frå biletbøker og eventyr. Kunne sitte i ro ei periode når det blir forventa, til dømes når ein les eventyr. Bruke setningar på inntil fire ord i rett rekkefølge.	Gi barna kjennskap til alfabetet og skrive tekst. Barna kjenner igjen og kan skrive namnet sitt, evt «spore» oppå. Leikeskrive. Lytte til høgtlesing frå «fortsettelsesbok». Songar med fleire vers. Samarbeide med vaksne om skrivning av beskjedar, hugselappar og liknande. Bruk av IKT - finne informasjon, enkel navigering, skrive namnet sitt på tastatur.	

Fagområde:	«Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne»			
Kropp, rørsle, mat og helse	1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Kroppen min	Bli kjent med eigen kropp. Stellesituasjonen skal opplevast som positiv og barna er deltakande. Nemne namn på kroppsdelar og kva vi kler på barnet.	Kroppsdelar – kva brukar vi dei ulike kroppsdelane til? Kva heiter dei?	Gi tid og rettleiing ved på- og avkledding og til eigen hygiene. Kroppen si fungering, delar og namn. Jente – gut, mann – dame. Set grenser for sin eigen kropp og respekterer andre sine grenser.	Fryse – sveitte – kald – varm. Korleis har kroppen min det. Sliten – slappe av – puls – hjarte. Set grenser for eigen kropp og respekterer andre sine grenser.
Grovmotorikk	Leik og bevegelsesglede ute og inne, åle, krype, rulle, klatre, gå, hoppe. Stabilisere balanse. Øve på rom- og retningsoppfatning, og auge-hand koordinasjon. Tumbleik, leik med ball, puter og madrass. Turar i nærområdet, bli kjent med ulike underlag.	Turar i nærområdet, gå i ulendt terreng, øve opp kroppskontroll. Øve på grunnleggjande rørsler som å rulle, balansere og hoppe. Kryssing av midtlinja i kroppen, auge-hand – og auge-fot-koordinasjon. Leike med ball.	Bruke kroppen aktivt både inne og ute i naturen, oppleve glede og meistring. Nye utfordringar ved å gå lengre turar. Vurdere og meistre risikofylt leik. Av- og påkledding, lære gode rutiner ved handvask og personleg hygiene.	Gode erfaringar med å vere ute i naturen og med å utfordre seg sjølv fysisk, til dømes delta i sanseløype, klatre, sykle, ballspel, song- og regelleik. Gå lengre turar. Vurdere og meistre risikofylt leik.
Finmotorikk				
Kroppskontroll	Bruke puslespel med store knottar, duploklossar og «puttekasse».	Bruk av puslespel og ulike typar byggeklossar. Klippe- og limeaktivitetar. Perle og teikne. Blyantgrep.	Klippe, lime, perle, male, fargeleggje, leikeskrive, blyantgrep, trille terning osv. Få erfaring med ulike uteaktivitetar gjennom året.	Skrive namn, teikne meir detaljert, sette saman former for å konstruere (2D og 3D). Kneppe knappar, opne – lukke sekk og glidelås. Ha på strikk under sko. Øve på å knyte sko og tau. Kontroll på av- og påkledding, halde orden i eigne klede og på plassen sin. Kva bør vi ha på i dag? Handling – konsekvens.
Mat	Utvikle eit positivt forhold til mat og måltid, aktiv deltaking ved måltida, lære å ete sjølv. Kjenne igjen tilstanden svolten, tørst og mett.	Trene på å vere sjølvstendig i garderobe og toalett. Vaske hendene sjølv før mat. Øve på å helle i kopp sjølv. Delta i bakeaktivitetar og matlaging.	Ulike aktivitetar, følgje instruksjonar, t.d. gjennomføre hinderløype, song- og regelleikar. Gode matvanar. Sunt – usunt. Kvar dag – av og til . Matlaging.	Kjenne til element i eit sunt kosthald. Tørre å smake på ny og ukjent mat. Ha eit forhold til personleg hygiene.
Helse				

Fagområde:		«Å vere saman om kulturelle opplevingar eller skape noko felles, bidreg til å høyre saman»			
Kunst, kultur og kreativitet		1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Sanse	Sjå, høyre, lukte, smake, kjenne. Forme i sand og snø. Føle og kjenne på ulike materialer: Fingermaling, leikedeg, sand, snø. Primærfargar.	Lytte: aktivitet - slappe av. Namn på primærfargar. Prøve ulike instrument, musikk- og rytmeleik, digitale verkty.	Teikne, fargelegge, tove, male, veve. Bruke naturmateriale. Utforske og leike med digitale verkty. Musikk, song og songleik. Bli kjent med fargenamn.	Male og teikne på ulikt materiell, også digitalt. Kjenne igjen uttrykk og stemning i musikk, drama og kunst. Kjenne fleire fargenamn utover primærfargane.	
Oppleve	Lytte til musikk og song. Legge til rette for dans og rytmeleik. Sjå teater og andre forestillingar.	Bord- og skuggeteater. Flanellograf eller konkrete figurar. Gruppefellesskap gjennom felles erfaring og oppleving. Teater og andre forestillingar.	Dramatisere enkle forteljingar. Gi barna eit forhold til kunst og kultur gjennom opplevingar av variert forteljing, musikk og biletkunst. Tradisjon og lokalmiljø, bruk av IKT. Teater og forestillingar.	Vere kreativ i høve musikk og tekst, t.d. ved å skape egne songar og forteljingar. Fantasere og dikte. Tradisjon og lokalmiljø. Teater og forestillingar.	
Eksperimentere	Rytmeinstrument. Formingsmateriale.	Bruke forskjellige maleteknikkar. Rettleie til blyantgrep.	Lytte, danse, bevege seg til musikk. Spele på instrument. Naturmateriale, tråd, ull, maling, teikning, IKT - bli kjent med ulike teknikkar for å skape varierte resultat. Blyantgrep.	Våge å stå fram i gruppa. Kjennskap til å blande og bruke primærfargane i skapande arbeid. Songleik og regelleik, rytme og instrument, bruk av digital plattform. Musikk, song og dans.	
Skapande verksemd og kommunikasjon	Gjere barna kjent med å bruke fargeblyant, malepensel, fingermaling. Legge til rette for utvikling av fantasi og skaparglede.	Bruke materiell til 3-dimensjonale uttrykk, t.d. leikedeg. Lytte til song, musikk, eventyr og bøker.	Få øving i å bruke fantasi og kreativitet gjennom skapande verksemd og den frie leiken/rolleleik. Lytte til eventyr, bøker, song og musikk. Teikne hodefoting og enkle geometriske former.	Få inspirasjon til meir avansert rolleleik. Jobbe målretta mot å ha eit adekvat blyantgrep. Leikeskriving. Skrive bokstavar og tal. Skrive egne namn/ kjenne til egne bokstavar. Skape med geometriske former, både på ark, digitalt og med konkretar.	

Fagområde:		«Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i alt slags ver»			
Natur, miljø og teknologi		1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Natur	Oppleve glede ved å vere ute i alt slags ver og ulike årstider. Erfare ulike typar underlag og utforske barnehagen sitt uteområde. Gå tur i nærområdet.	Tur i nærområdet. Studer det vi finn på bakken, i skogen, i fjøra, ta bilete. Bruk konkretar eller biletmateriale som inspirasjon til estetiske uttrykk. Lær namn på nokre vanlege insekt, fuglar og dyr. Bruk digitale eller analoge oppslagsverk. Opplev undring over mangfald i naturen. Kjennskap til årstidene.	Lære om korleis naturen endrar seg gjennom årstidene. Bruke digitale verkty til å lage eit prosjekt. Snakke om kva dag, månad, årstid det er. Bli kjent med insekt, dyr, tre og plantar. Bruk fagbøker, digitale hjelpemiddel/appar og skjønnlitteratur. Fakta om ville dyr og dyr på gard.	Vite korleis vi ferdast i naturen. Kunne kle seg etter veret og regulere sjølv. Kjenne igjen former ute i naturen (overføre kunnskap). Kjenne namn på dei mest vanlege dyr, fuglar, tre og plantar i nærområdet. Studere og iakttå naturen slik som plantar, insekt, dyr og fuglar. Samanlikne og finne svar ved hjelp av digitale hjelpemiddel, bestemmelsesduk og fagbøker. Studere ver, temperatur, gjerne opp imot vermeldingsappar. Kjennskap til menneskets livssyklus.	
Miljø	Rydde etter oss, både etter vi har leika og etter vi er ferdige med måltid.	Lære seg gode haldningar og respekt for naturen. Sortere søppel. Enkle brann- og trafikkreglar.	Begynnande kjennskap til menneskets livssyklus.		
Teknologi	Bruke naturmaterialer til å oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske Lover, t.d. vatn. Utforske kva IKT kan tilby for denne aldersgruppa, bruke foto, hente fram fuglelydar osv.	Lage konstruksjonar av ulikt materiale og begynnande utforsking av kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på. Bruke lupe, iPad osv aktivt med barna.	Lære seg gode haldningar og respekt for naturen. Sortere søppel. Brannvern og trafikkreglar. Utforske i lag med dei vaksne kva moglegheiter reiskapar og teknologi har. Korleis og kva brukar vi. Gjere forsøk og undre seg, søke relevant kunnskap.	Begynnande forståing for omgrepet «berekraftig utvikling», kjærleik til naturen, forståing for samspelet i naturen og mellom menneske og natur. Brannvern, bålrett og trafikkreglar. Få erfaring med fysikk, kjemi og biologi. Gjere ulike forsøk. Bruke adekvate digitale verkty. Kunne bruke tradisjonelle verkty som sag og kniv.	

Fagområde:		«Gjennom lek, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin grunnleggjande matematisk kompetanse»			
Mengd, rom og form		1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Form og omgrep	Med konkretar, bildestøtte og språkleg støtte får barna møte omgrepa stor og liten. Stor og liten ball, stor ku - liten kalv. Kjøkkenleik, leikedeig, enkle puslespel, putteboks.	Bli kjent med former. Bygge med duplo, store klossar. Sortere former. Finne lik og ulik, større, mindre, høgare osv. Bruke alderstilpassa appar.	Øve på å telje gjenstandar, barn. Bli kjent med matematiske omgrep som trekanta form, rund form, firkanta form. Utforske ulike former og mønster, gjerne i aktuelle appar.	Kopiere og lage mønster. Kjenne til motsatte omgrep som størst-minst, yngst-eldst osv. Sortere ting i kategoriar. Bli kjent med måleeeiningane meter, cm, liter, dl. Bruke målereiskap som termometer, måleband og litermål. Ta i bruk aktuelle appar.	
Tal og teljing	Telje tær og fingrar. Eventyr, Bukkane Bruse.	Peiketelje. Øve på å telje til ti. Utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, dekke på (ein-til-ein-korrespondanse).	Lære omgrep (preposisjonar) som over, under, oppå, ved sida av. Bygge med klossar, konstruksjonsleik.	Ha kjennskap til talrekka og enkle reknestrategiar. Spele spel med og utan terning. Song og forteljing med tal og teljing.	
Tid og rom	Bli kjent og trygg inne på barnehagen og på barnehagen sitt uteområde. Klare å lokalisere si avdeling, kvar dei høyrer til, og korleis dei skal kome seg dit.	Bli kjent med barnehagen sitt nærområde, og kvar barnehagen er. Bli kjent med vekedagane og dagsrytma i barnehagen.	Spele spel, bli kjent med tal. Erfare bruk av måleeeining i kvardagen. Song og forteljong med tal og teljing. Bli kjent i barnehagen sitt nærområde, kvar ligg leikeplassane, kvar bur barna, er det andre vi kjenner som bur i nærområdet? Song, rim og regler om klokka, vekedagane og månadane.	Kunne orientere seg i nærområdet, kvar vi bur i forhold til barnehagen. Kunne orientere seg i enkle kart som t.d. skattekart. Kjenne til vekedagane, at vi har ulike månadar og årstider. Kjenne til klokka og tid. Forstå kva som skjer med kalenderen på nyttårsaften. Jobbe mot ei forståing av at dei som er fødd i januar og desember same år høyrer til same årskull.	

Fagområde:		«Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring»			
Nærmiljø og samfunn		1-2 år	2-4 år	3-5 år	5-6 år
Familie		Lære namn på seg sjølv, og få oversikt over kven som er i familien.	Utvide sirkelen kring familien. Bli kjent med at det er namn bak titlane mamma, pappa, bestemor osv. Begynne å få oversikt over kvar dei ulike personane høyrer til/ bur.	Kunne namn i familien, kvar dei bur, kvar foreldra jobbar. Vite kvar dei sjølve bur. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer har ein sjølv sagt plass i gruppa.	Kunne heile namnet sitt, vite kvar ein sjølv bur og kunne gateadressa si.
Nærmiljø		Lære namn på barn og vaksne på gruppa si. Kven som er her i dag, namnesangar. Tur i nærområdet, bli kjent.	Lære namn på barnehagen og tettstaden vår. Bli kjent med området rundt barnehagen. Bibliotek-besøk.	Lære namn på plassen der vi bur, gå tur til barna sine hus. Besøke til dømes skule, bibliotek, butikk, kyrkje. Bli kjent med ulike arbeidsplassar i nærområdet.	Vite at Sula er ei øy og at næraste by er Ålesund. Bruke sansane til å utforske nærmiljøet og verda kring oss.
Samfunn		Enkle samfunnsoppdrag som å legge ting i hylla, rydde etter maten. Tradisjon, 17. mai, fargane i flagget, 17. mai-songar.	Utvikle samhald og gruppekjensle gjennom samlingsstund, felles aktivitetar og opplevingar. Hjelp til med enkle oppgåver. Sette på tralla, dekke på og av bord, rydde leiker og bidra til fellesskapet ved å «hjelp til».	Erfare at dei sjølv og andre er med på å påvirke og at alle er viktige for fellesskapet. Erfare at eigne handlingar kan påvirke andre. Lære å inkludere andre. Lære om årstider, månadar og dagar. Rydde leiker og ha orden på plassen sin.	Ha hørt norske og samiske eventyr. Bli kjent med lokalkultur og samisk kultur. Samisk nasjonaldag og teikne det samiske flagget. Kjenne til dagane i veka, dei ulike månadane og kva årstider vi har. Overnatte i barnehagen. Ha orden og kontroll på eige utstyr og eigen plass. Hjelp til om ein blir spurt om det. Tradisjonar, kvifor feirar vi 17. mai? Teikne og farge flagg, lære songar og gå i tog. Medverknad og demokrati.
			Tradisjonar, 17. mai, lage flagg, synge og gå i tog.	Tradisjonar, 17. mai, fargelegge flagg, lære songar og gå i tog.	

